

**BOKN KOMMUNE**

# KONTROLLUTVALET ÅRSMELDING

2015

---



KONTROLLUTVALET  
BOKN KOMMUNE

---

## INNLEIING

---

Kontrollutvalet si årsmelding er ei tilbakemelding til kommunestyret om utvalet si verksemd og kva saker og oppgåver som er tatt opp og handsama i 2015.

I følgje kommunelova § 77 pkt. 6 skal ”***kontrollutvalget rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret***”.

---

### 1. KONTROLLUTVALET SITT FØREMÅL

---

Kontrollutvalet er eit lovpålagt organ som skal på vegne av kommunestyret syte for tilsynet med forvaltninga av kommunen (rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon) og selskap som kommunen eig (selskapskontroll). Utvalet skal også sjå til at revisjonen fungerer på ein trygg måte. Ordninga er heimla i kommunelova og forskrift om kontrollutval.

Kontrollutvalet er ikkje underlagt andre organ enn kommunestyret og rapporterer og innstiller til dette.

Kontrollutvalet har eige reglement, vedtatt av kommunestyret i 2012 og revidert i 2014.

---

### 2. MEDLEMMENE I UTVALET

---

Kommunestyret sjølv vel medlemmene til kontrollutvalet. Kontrollutvalet skal ha minst tre medlem, og etter § 77 nr 1 i kommunelova skal minst eit av medlemmer veljast mellom representantane i kommunestyret. Tilsette i kommunen er utelukka frå val til kontrollutvalet.

For perioden 2011 - 2015 har Bokn kommunestyre vald følgjande til kontrollutvalet:

	<u>Faste medlemmer</u>	<u>Varamedlemmer:</u>
Leiar	<b>Daghild G. Alvestad</b> (Sp))	1. Osmund Våga
Nestleiar	<b>Olav Lande Rossebø</b> (H)	2. Rita Boknaberg
Medlem	<b>Christine Berge Christiansen</b> (A)	3. Rune Vatnaland (frå 01.10.13)

Christiansen har vore fast kommunestyrerepresentant og Alvestad 1. vararepresentant. Leiar og nestleiar i kontrollutvalet har møte- og talerett i kommunestyret når utvalet sine saker blir handsama.

For perioden 2015 - 2019 har Bokn kommunestyre vald følgjande til kontrollutvalet:

	<u>Faste medlemmer</u>	<u>Varamedlemmer:</u>
Leiar	Lars Øyvind Alvestad (A))	Zuzanna Ufnal (A)
Nestleiar	Jørn Hansen (H)	Tom-Inge Akسدal (Sp)
Medlem	May Jorunn Vatnaland (Sp)	Johannes Nilssen (A)

Jørn Hansen er no utvalet sin kommunestyrerepresentant. Utvalet hadde sitt fyrste møte 26. november 2015.

Både leiar og nestleiar i kontrollutvalet har møterett i kommunestyret og talerett når utvalet sine saker blir handsama.

Ordføraren har møte- og talerett i utvalet. Han møtt i eit møte i 2015. Rådmannen har ikkje møterett, men kan bli invitert/kalla inn av utvalet. Han har ikkje møtt sjølv, men kommunalsjef forvaltning har møtt to gonger og kommunalsjef oppvekst ein gong.

Møta vert gjort kjent på kommunen sine nettsider og sekretariatet sine heimesider. På desse stadene vert også sakspapira og protokollar lagt ut.

---

### **3. AKTIVITETEN I KONTROLLUTVALET I 2015**

---

Kontrollutvalet har hatt **4** (4) møte fordelt på to møte om våren og to møte om hausten. Utvalet har helde møta i allrommet eller møterom i 1. etasje på Boknatun. Møte på våren var lukka, då utvalet ikkje hadde bestemt noko anna, slik lova opna for. Som følgje av lovendring frå 01.07.13 er no møta opne, med unnatak av når det er heimla i lov om å lukke.

Utvalet har hatt **26** (23) saker til handsaming der **6** (5) av sakene er vidaresendt til kommunestyret. **44** (36) saker er blitt lagd fram til orientering. Samla oversikt over saker og orienteringssaker følgjer som vedlegg til årsmeldinga.

Utvalet deltok på Kontrollutvalskonferansen i regi av Norges Kommunerevisorforbund (NKRF) på Gardermoen i februar. Ingen deltok på konferansen til Forum for kontroll og tilsyn i juni eller dagskonferansen for kontrollutval i Rogaland i Sandnes i desember.

På felles opplæringskveld i november for nye medlemmer deltok tre medlemmer og to varamedlemmer.

---

### **4. KONTROLLUTVALET SINE HOVUDOPPGÅVER**

---

Kontrollutvalet har oppgåver knytte til internt tilsyn og kontroll gjennom rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll.

#### **4.1 REKNESKAPSREVISJON**

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen sin årsrekneskap vert revidert på ein trygg måte. Kontrollutvalet skal også halde seg orientert om revisjonsarbeidet og sjå til at det går føre seg i samsvar med lov og føresegner, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalet sine instruksar.

Kontrollutvalet handsama årsrekneskapen for 2015 i møte 28.05.15. Totalt sett blei rekneskapen for 2015 gjort opp med eit driftsoverskot på kr 3,3 mill. kr. Kontrollutvalet hadde ikkje merknader til årsrekneskapen.

#### **4.2 FORVALTNINGSREVISJON**

I følgje kommunelova skal kontrollutvalet sjå til at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon av den kommunale verksemda. Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden utarbeida ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon.

Bokn kommune sin plan for 2012-2016 blei vedteken av kommunestyret i møte 18.12.12, sak 42/12. I planen var det tatt inn eitt prioritert prosjekt og fire uprioriterte prosjekt.

Utvalet bestilte nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt i september, etter at Deloitte i mai fekk i oppdrag å leggje fram eit prosjektmandat om temaet «Post-/arkivhandtering – Bokn kommune». Ramma vart sett til 70 timar.

Rapporten blei oversendt sekretariatet februar og vil bli presentert utvalet, administrasjon og ordførar i møtet i februar. Rapporten gjer mange tilrådingar, då den peikar på at kommunen i lite grad har innført rutinar for å sikre at henvendingar blir følgt opp .

Rapporten vil lagd fram for kommunestyret i mars og det er gjort framlegg om at rådmannen får eit halvt år på seg til å gje tilbakemelding om oppfølginga av rapporten.

Rådmannen si oppfølging av rapport om Samhandlingsreforma er ikkje lagd fram for utvalet og vil bli etterlyst.

Utvalet har bestilt ny Overordna analyse som vil danne grunnlag for ny Plan for forvaltningsrevisjon 2015-2019 og ny Plan for selskapskontroll 2015-2019.

### **4.3 SELSKAPSKONTROLL**

I følgje kommunelova er kontrollutvalet pålagt og sjå til at det vert ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap m.m. Plan for 2012-2016 og retningslinjene for selskapskontroll blei vedteken av kommunestyret i møte 18.12.12, sak 40/12.

Kontrollutvalet vedtok i 2014 å delta i selskapskontroll av Haugaland Kraft AS og Haugaland Næringspark AS i lag med dei andre eigarkommunane. Det er revisjonsfirmaet Deloitte As som gjennomførte prosjektet, og rapport var klar i mars 2015.

Deloitte hadde då sett etter om selskapa hadde etablert system og rutinar for å sikre at selskapa vert drive i samsvar med vedtekter, politiske vedtak og regelverk. Det blei avdekka nokre få forbedringspunktar, og det blei sett ein frist på 12 månader for tilbakemelding om oppfølging av tilrådingane.

### **4.4 TILSYN MED REVISOR**

Tilsyn med revisjonen blir gjennomført ved gjennomgang av revisjonens planer og rapporter. Utvalet innhentar kvart år uavhengighetserklæring frå ansvarleg revisor.

Revisor har møte- og talerett i utvalet sine møte. Det er presentert revisjonsplan og lagt fram mandat og rapport frå forvaltningsrevisjonsarbeidet.

Deloitte AS har sidan 01.07.12 vore kommunen sitt revisjonsselskap. Oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor er partner Else Holst-Larsen med revisor Inger Johanne Solberg som hennes stedfortredar. Dei har kontor i Haugesund. Dei har møtt tre gonger. Forvaltningsrevisorane har kontor i Bergen. Dei har også møtt tre gonger i løpet av 2015.

Kontrollutvalet har i 2015 gjennomført ny anbuds konkurranse om revisjonstenestene for perioden 2016-2020. Anbudsgrunnlaget blei lagd fram utvalet i april og anbudsfrist blei sett til 11.08.15.

Det blei levert inn to anbod, frå Deloitte og KPMG. Sak om val av revisor ble lagd fram for utvalet i september. Kommunestyret valte å følgje kontrollutvalet si innstilling å velje Deloitte AS som kommunen sin revisor i møtet 15.12.15, sak 66/15 for dei neste fire år. Kommunen har opsjon til å forlengje avtalen med 2 år. Det vert med dette inga skifte av revisor for kommunen.

#### 4.5 TILSYN MED FORVALTNINGA

Frå administrasjonen har rådmann, økonomisjef og kommunalsjef vore invitert til kontrollutvalet sine møte for å orientere i aktuelle saker.

Utvalet ønskte i november 2014 å vite meir om prestasjonsnivået i Bokn i forhold til andre samanliknbare kommunar og bruken av PPT-midlar i neste møte. Kommunalsjef Ingunn Toft møtte i februar og orienterte. Utvalet var nøgd med orienteringa.

Utvalet er og blitt orientert om tilsyn innan samfunnstryggleik og beredskap, skatterekneskap og vedtekne økonomiske rammer, halvårsrapportar og KOSTRA-tall i løpet av året.

#### 4.6 BUDSJETT/REKNESKAP FOR TILSYN OG KONTROLL

	REGNSKAP 2015	BUDSJETT 2015	REGNSKAP 2014
Godtgjersle, kurs, m.m	12.817	16.500	27.940
Revisjonstenester	176.989	165.000	163.820
Sekretariatstenester	100.000	100 000	96.000
Sum utgifter eks. mva	<b>289.806</b>	<b>281.500</b>	<b>287.760</b>

Kontrollutvalet handsama på hausten framlegg til budsjett for 2016. Totalt var framlegg til budsjett på kr 331.000. Av dette er kr 104.000 sett av til sekretariatstenester, kr 180.000 til revisjonstenester og kr 47.000 til utvalet. Det er då lagd inn kjøp av ca. 70 timer til forvaltningsrevisjon og andre kontrollar.

#### 4.7 SEKRETARIAT

Kommunane er pålagt å ha eit kontrollutvalssekretariat som er uavhengig, dvs. ikkje knytte opp mot rådmann eller revisjon. Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS kom i drift frå 2005 og har vore i verksemd i 10 år.

Selskapet er eid av 10 kommunar og oppgåvene blir ivaretatt av to tilsette. Sekretariatet har, i tillegg til kontakt og samarbeid med utvala, administrasjon og politisk leiing, samarbeid med fire revisjonsselskap, andre interkommunale selskap i regionen og sekretariata i Rogaland, Hordaland og Agder.

Selskapet har i 2015 gjennomført brukarundersøking og markert 10 års jubileum på representantskapsmøtet i april. Det blei her framheva at sekretariatet har fått gjennomgåande positive tilbakemeldingar, men som forbetring kan dei bli betre kjent, som ledd i å styrke kommunane sitt kontroll- og tilsynsansvar.

Fast utvalssekretær har vore dagleg leiar Toril Hallsjø. Sekretariatet har egne heimesider, [www.kontrollutvalgene.no](http://www.kontrollutvalgene.no), kor mellom anna alle sakskart, protokollar og rapportar blir lagd ut fortløpande.

Frå Bokn kommune er Johannes Nilssen vald til representantskapet i IKSet med Sonja Mikkelsen som varamedlem. Sonja Mikkelsen møtte på representantskapsmøtet 27.04.15.

For perioden 2015-2019 er Daghild G. Alvestad blitt vald som ny representantskapsmedlem og med Lillian Grønnestad som varamedlem.

---

## 5. OPPSUMMERING

---

Aktiviteten i 2014 har vore som planlagt Det har vore lagt fram ein selskapskontroll og arbeida med ein rapport innan forvaltningsrevisjon. Utvalet har bestilt ny overordna analyse. Denne analysen vil danne grunnlaget for ny Plan for forvaltningsrevisjon og ny Plan for selskapskontroll 2015-2019. Sekretariatet har det vore eit arbeidskrevjande år pga. anbod for ni kommunar og skifte av kontrollutval i haust.

\*\*\*

Bokn, 10.02.16

Lars Øyvind Alvestad  
leiar

Jørn Hansen  
Nestleiar

May Jorunn Vatnaland  
medlem

## OVERSYN OVER SAKER – BOKN KONTROLLUTVAL 2015

### Saker til behandling:

- 1/15 Godkjenning av protokoll frå møte 20.11.15
- 2/15 Referat- og orienteringssaker 20.02.15
- 3/15 Forvaltningsrevisjonsrapport – «Tilpassing til samhandlingsreforma»
- 4/15 Kontrollutvalet si årsmelding for 2014
- 5/15 Val av nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt i 2015
  
- 6/15 Godkjenning av protokoll frå møte 26.02.15
- 7/15 Referat- og orienteringssaker 28.05.15
- 8/15 Årsrekneskapen 2014 – kontrollutvalet in uttale
- 9/15 Rapport – selskapskontroll – Haugaland Kraft AS og Næringspark AS
- 10/15 Revisjonstenester 2016-2020- konkurransegrunnlag
- 11/15 Val av nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt for 2015
  
- 12/15 Godkjenning av protokoll frå møte 28.05.15
- 13/15 Referat- og orienteringssaker 10.09.15
- 14/15 Revisor si eigenerklæring 2015
- 15/15 Kontroll og tilsyn - budsjett 2016
- 16/15 Prosjektplan - forvaltningsrevisjon – «post-/arkivhandtering»
- 17/15 Evaluering av kontrollutvalet sitt arbeid i inneverande periode 2011-2015
- 18/15 Val av revisor for perioden 2016- 2020
  
- 19/15 Kontrollutvalet sine oppgåver og ansvar
- 20/15 Godkjenning av protokoll frå møte 10.09.15
- 21/15 Referat- og orienteringssaker 26.11.15
- 22/15 Statusoversikt over utvalet sine prosjekt
- 23/15 Revisjonsplan 2015
- 24/15 Orientering om budsjettframlegg for 2016 og økonomiplan 2016-20
- 25/15 Utarbeiding av ny plan for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll 2016- 2020 – bestilling av overordna analyse og planar
- 26/15 Framlegg til møteplan for 2016

## Referat- og orienteringssaker 2015 til Bokn kontrollutval

1. Prestasjonsnivået v/Bokn skule og bruk av PPT-midlar v/kommunalsjef
2. Kontroll og tilsyn – rekneskapstall 2014
3. Svarbrev om oppfølging av rapport etter tilsyn med samfunnstryggleik og beredskap
4. Om skatteinntekter generelt i 2014 og på landsbasis
5. Årsrapport og skatterekneskapen 2014 - Skatteoppkrevjaren i Bokn
6. Fylkesmannen – informasjon om statleg tilsyn med kommunane i Rogaland 2015
7. NKRF si kontrollutvalskonferanse 2015 – evaluering
8. Deloitte si rapport om kontrollutval og kontrollutvalssekretariat
9. Statusrapport pr. februar 2015
  
10. Statusoversikt pr. mai 2015
11. Kst-vedtak 17.03.15, sak 3/15 – kontrollutvalet si årsmelding 2014
12. Kst-vedtak 17.03.15, sak 4/15 – rapport – forvaltningsrevisjon- Samhandlingsreforma
13. Kontrollrapport 2014 vedr. skatteoppkrevjarfunksjonen for Bokn kommune
14. «Kom godt ut av tilsyn» - fra Haugesunds Avis 24.03.15- selskapskontroll – Hgl Kraft
15. Kommunal Rapport 19.03.15 om rekneskapsresultata i landets kommunar
16. Kommunal Rapport 20.03.15 om regjeringa si oppgavemelding
17. Representantskapsmøte 27.04.15 – Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
18. Representantskapsmøte 18.05.15 – Krisesenter Vest IKS
19. Representantskapsmøte 20.05.15 – Haugaland Interkomm. Miljøverk (HIM) IKS
20. Generalforsamling 01.06.15 – Haugaland Kraft AS
21. Representantskapsmøte 11.06.15, kl. 14.00 på Fitjar – Haugaland Vekst IKS
22. Generalforsamling 16.06.15 – Haugalandspakken AS
23. Samarbeidsavtale mellom Haugesund kommune og Bokn kommune om skattekrevjarfunksjonen frå 01.06.15
  
24. KST-vedtak 16.06.15, sak 27/15 – Rapport selskapskontroll – Haugaland Kraft AS
25. NKRF overtar sekretariatet for Form for kontroll og tilsyn (FKT)
26. Bernt svarer: Kan offentlighetsloven brukes for å lukke møter?
27. Datatilsynet – gebyr for avvik hos kommuner
28. KS Bedrift – Offentlige innkjøp blir litt enklere fra 1. juli
29. Kommunal-/mod.dept. – prinsipputtalelse – KUs rett til å være tilstede og referere
  
30. K-styrevedtak 27.10.15, sak 49/15 - Val av kontrollutval i Bokn 2015-2019
31. K-styrevedtak 27.10.15, sak 50/15 – Val av leiar i kontrollutvalet 2015-2019
32. K-styrevedtak 27.10.15, sak 51/15 – Val av nestleiar i kontrollutvalet 2015-2019
33. Taushetserklæring for kontrollutvalsmedlemmene
34. Reglement for Bokn kontrollutval
35. Kontrollutvalet sitt budsjettframlegg for 2016
36. Tilbakemelding - informasjonsmøtet for nye kontrollutval i Aksdal 12.11.15
37. Invitasjon til FKT sin Haustkonferanse i Sandnes 10.12.15
38. Invitasjon til NKRFs Kontrollutvalgskonferanse 3. – 4. februar 2016
39. Retningslinjer for selskapskontroll i Bokn kommune
40. Representantskapsmøte 11.12.15, kl. 09.00 – Haugaland Vekst IKS
41. Havnerådsmøte 19.11.15, kl. 17.00 - Karmsund Havnevesen IKS
42. Havnerådsmøte 20.11.15, kl. 13.00 - Karmsund Havnevesen IKS
43. Representantskapsmøte 02.12.15, kl. 15.00 – HIM IKS
44. Evaluering av kontrollutvalget sitt arbeid i perioden 2011- 2015

\*\*\*